

<b>Referat frå skulemiljøutvalet (SMU) og samarbeidsutvalet (SU) ved Vinjar skule</b>	<b>08.01.2020</b>
	<b>18.30 – 20.00</b>
	<b>Personalrommet</b>

<b>Møte innkalla av:</b>	Helen Moen Gjuvsland	<b>Møte nr. 1 2019/2020</b>
--------------------------	----------------------	-----------------------------

<b>Møteleiar:</b>	Helen Moen Gjuvsland	<b>Skrivar:</b> Helen Moen Gjuvsland
-------------------	----------------------	--------------------------------------

<b>Møtedeltakarar:</b>	<b>Namn</b>	<b>Reprenter</b>	<b>Skulemiljø utvalet</b>	<b>Samarbeids utvalet</b>
		Kristine Bøe Berge	Kommunen, avd.leiar Vinjar	SMU
	Anette Opheim	Kommunen/politikar	SMU	SU
	Sissel Berge	Øvrige tilsette		SU
	Hege Hiim Steine	Undervisningspersonell, sosial-lærer	SMU	
	Ingunn S. Nerheim	Undervisningspersonell		SU
	Helen M. Gjuvsland	Foreldre, leiar FAU	SMU	SU
	Tom Gardsteig	Foreldre, nestleiar FAU	SMU	SU
	Frank Olav Steine	Foreldre	SMU	
	Mathea Vik	Elevane(7.kl.)	SMU	SU
	Anna Sørstad	Elevane(6.kl.)	SMU	SU

Fråfall: Sissel Berge, Hege Hiim Steine og Tom Gardsteig

<b>Sak 1 2018/2019</b>	<b>Velkommen - godkjenning av referat og innkalling</b> Referatet vart godkjent utan merknad  Konstituering av leiar og skrivar: Leiar: Helen M. Gjuvsland Skrivar: Helen M. Gjuvsland
<b>Saksliste SMU</b>	
<b>Sak 2 2019/2020</b>	<b>Trivselsprogrammet</b> TL starta tidleg i haust. Hege H. Steine no sosiallærer og ansvarleg for TL på Vinjar skule. Alle aktivitetane vart tidleg i haust presentert i eit friminutt for alle elevane, slik at elevane skulle vita kva dei ulike aktivitetane innebar. Tre trivselsleiarar i kvart trinn på mellomtrinn. To og to av trivselsleiarane rullerer på å leie aktivitetar etter ein oppsett plan. Då kan dei andre elevane velje mellom to ulike aktivitetar. Nytt kurs for trivselsleiarane kvar halvår på Sand, felles for kommunen. Trivselsleiarane får ei påskjønning for innsatsen.
<b>Sak 3 2019/2020</b>	<b>Orientering frå FAU-møte med tanke på aktivitetar retta mot skulemiljø</b>  <b>Haust:</b> - Ope Hus (mellomtrinnet) - TV-akasjonen - Juleverkstad - Julegraut - Kantine – elevrådet - Julekonsert

- Julekakebaking
- Gudstjeneste

#### **Planar for våren:**

- Felles skitur i nærområdet  
Det er ikkje løyvd dedikerte budsjettmidlar til skitur eller nokon utflukt for elevane ved skulen. Skulen vil difor ikkje gjennomføra skitur som krev transport av elevar pga svært kostbar transport (ca 10-15.000). Skitur/akedag etc. vil bli aktuelt dersom det er tilstrekkelig med snø i nærområdet til skulen.
- Sommaravslutningar (klassevis arrangert av klassekontaktane)
- Leirskule
- 7.klasse avslutning før sommarferien  
Ein festmiddag som markering for 7.klassingane i lokala til sfo. Klassekontaktane i 7. kl har ansvar for arrangementet og settla ein komité. FAU bidreg med representantar til servering av maten på festen.

#### **Sak 4 2019/2020**

##### **Rektor orienterer**

- Ny sosiallærer for skuleåret 2019/2020 – Hege Hiim Steine
- Trafikktryggleik – rektor orienterte om innhaldet i planen
- Ordens- og åtferdsreglar – vart gjennomgått og vil bli videreformidla til elevane. Merknad til utkastet: Siste punkt: Ved *uvøren* skade. Rektor vil redigere utkastet.
- Svømmeopplæring - kartleggingsfasen av alle trinn er gjennomført. Svømming iht plan for kvart trinn er no sett i drift og vil bli sendt ut.

#### **Sak 5 2019/2020**

##### **Ymse**

- Barnevakten 9. og 10. mars – inngår som ein del av arbeidet med førebyggjande arbeid for å fremje psykisk helse for barn og unge, og at dei skal utvikla god digital døme kraft og bruka digitale medier på ein trygg og bevisst måte.
  - o Opplegget vil føregå på kveldstid 10. mars 2020 kl 17.30-19.30 og vera obligatorisk for både elev og foreldre.
- Felles kommunal kvalitetsplan for SFO – er no ute på høyring og skal etter planen implementerast i dette skuleåret.
- Ny elevstolar er på plass. Det er løyvd midlar til antal stolar = elevtalet ved skulen i dag. Ein må difor vera merksam på at ein ved auke i elevtal, ikkje har tilstrekkelig mange stolar ved skulen. Det er ei heller per dato skifta ut stolar i andre læringsareal som for eksempel grupperom.
- Vinjar skule har etterlyst tilbod om kulturskule timen for 1. og 2. trinn etter skuletid.
- Levekårsutvalet vil drøfte den 11/2-20 om det er politisk interesse for ei SFO-undersøkjing kor alle foreldre ved skulen får muligheit til å svare.
  - o Det er per i dag komme ønskje frå foreldre om å kunne tinge dagpakkar.

<b>Saksliste SU</b>	
<b>Sak 6 2019/2020</b>	<p><b>Skuleleiinga orienterer</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Generell ressurstildeling <ul style="list-style-type: none"> <li>o Rektor orienterte om at ho ikkje var tilsett i stillinga då planen for dette skuleåret vart lagt. Ho vil gjennom dette skuleåret få betre oversikt over ressursbruken ved eininga. Ho opplyste om at skulen i dag ikkje får tildelt ekstra ressursar utover tildelt driftsbudsjett ved for eksempel behov for iverksetjing av ekstra tiltak, vikarbruk, lønna velferdspermisjonar etc.</li> </ul> </li> <li>- Symjeundervisning i Suldal bad <ul style="list-style-type: none"> <li>o Skulen opplyste om at dei har ein person med godkjent kurs for opplæring i symjing. Dei er avhengig av at eige personell seier seg villig til å påta seg denne oppgåve. Om ikkje må alt personell for symjeopplæringa leigast for å kunne gjennomføre opplæringa iht regelverket.</li> <li>o Det er per i dag ikkje løyvs dedikerte midlar til å gjennomføre den symjeopplæringa som regelverket krev. Ein må difor bruke av driftsbudsjettet for å finansiere innleige av nødvendige badevakter i Suldal bad.</li> <li>o Skulen kunne ikkje svare på kor mykje skyss midlar som er sett av til symje-skyssen for Vinjar i dette skuleåret, då kommunalsjefen enda ikkje har gjort fordelinga og gitt einingsleiarane informasjon om dette. Skulen opplyste om at dei gjennomfører sin badeplan utan å ha motteke noko informasjon om tilgjengelige midlar. Dei gjennomfører som planlagt og antar at leiinga løyver midlar slik at alle klassetrinna får den symjeundervisninga som dei har krav på for å oppnå sine læringsmål.</li> <li>o Spørsmålet omkring løyving av bade og –skyssmidlar har også vore etterspurt i fau og kfau, utav avklaring.</li> </ul> </li> </ul>
<b>Sak 7 2019/2020</b>	<p><b>Inspektørstilling til Vinjar</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Brev til kommunalsjefen vart sendt frå SU-leiar 22.08.2019</li> <li>- Budsjettforhandling</li> </ul> <p>SU-leiar og rektor har etter førre møte sendt kvar sine separate brev til kommunalsjef omkring manglande dedikert leiarressurs til Vinjar.</p> <p><u>Kommunalsjefen har i sitt svarbrev svart følgande:</u></p> <p><i>Me vil sjå på fordelingsnøkkelen før neste ressursrunde som er ved årsskifte slik at den harmonerer med tal på elevar og tilsette. Då må rektorgruppa ta stilling til om ein vil låse leiingsressursen for ein periode slik det har vore no, eller om den skal variere frå år til år.</i></p>
<b>Sak 8 2019/2020</b>	<p><b>Saker frå FAU</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Nye elevstolar er på plass. Elevane er godt nøgde med stolane. Det vart i møtet opplyst om at skulen ikkje har ei forsikringsordning eller ekstra stolar dersom det vert skade etc på elevstolane.</li> <li>- Kulturskuletimen – det er blitt etterspurt kvifor dette ikkje er eit tilbod ved Vinjar dette året. SU ønskjer å få ei avklaring på kvifor dette tilbudet har uteblitt.</li> <li>- Vakthald i friminutta – vakthaldet er auka, og det er blitt påpeika at enkelt elevar saknar å få hjelp til å løysa «situasjonar» når dei kjenner behov for det. SU ber skulen fokusere på at vaktene gjer seg tilgjengelege og bevegar seg rundt og spreier seg mest mogleg i friminutta.</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Resultat nasjonale prøvar 5. kl – Resultatet for Vinjar låg under gjennomsnittet, og leiargruppa har starta med å analysere kva som kan vera orsaka til dette resultatet og kva ein evt. kan gjera annleis for å heve resultatata i kommunen generelt.</li> <li>- Implementering av felles kommunal kvalitetsplan for SFO – planen er no ute på høyring og skal etter planen implementerast i dette skuleåret 2019/2020.</li> </ul>
<b>Sak 9 2018/2019</b>	<p><b>SFO-undersøking</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Levekårsutvalet vil drøfte den 11/2-20 om det er politisk interesse for ei SFO-undersøking kor alle foreldre ved skulen får muligheit til å svare. <ul style="list-style-type: none"> <li>o Det er per i dag komme ønskje frå foreldre om å kunne tinge dagpakkar i dagens ordning.</li> </ul> </li> </ul>
<b>Sak 10 2018/2019</b>	<p><b>Informasjon frå skulen til foreldra</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- lokale tilpassingar sfo. <ul style="list-style-type: none"> <li>o Det er lagt ut eigen sak med tilhøyrande artikkel (vedlegg) på skulen si heimeside, samt under mappa SFO, med informasjon omkring dei lokale tilpassingane for sfo ved Vinjar skule</li> </ul> </li> </ul>
<b>Sak 10 2018/2019</b>	<p><b>Ymse</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- leksefri skule <ul style="list-style-type: none"> <li>o Helen orienterte at Fau har behandla ei sak omkring ønsket om leksefri skule. Fau konkluderte med at foreldre/-grupper kan utarbeida ein gjennomarbeida sak omkring leksefri skule, men ein vurderer ikkje dette som eit arbeid som fau skal utføre.</li> <li>o Fau-leiar har også orientert om saka i kfau, slik at foreldre i andre skulekrinsar blir gjort merksame på at det kan vera interesse for å danne ei slik arbeidsgruppe.</li> </ul> </li> </ul>

08. januar 2020  
Helen Moen Gjuvsland  
Leiar og skrivar